



**Møteinnkalling
for
Ungdomsråd**

Møtedato: 16.10.2013
Møtestad: Einevarden 3. etg
Møtetid: Kl. 14:15-15:45

Innkallinga vert send medlemmene og dei første varamedlemer i kvar gruppe. Varamedlemer skal ikkje møte utan nærare varsel. Forfall må meldast til **tlf. 57 84 50 00** eller **e-post til post@vagsoy.kommune.no** snarast. Forfallsgrunn må oppgjevast.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
011/13	Godkjenning av møteprotokoll	
012/13	Referatsaker	
013/13	Søknad om transportstøtte til Juleball 2013	

Måløy 08.10.2013
Dagny-Ann Gangeskar
konsulent



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsråd	16.10.2013	011/13

Endelig vedtak i: Ungdomsrådet	Arkivsaknr.: 13/1480	Saksansvarlig: Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 25.09.2013 er sendt på epost etter møtet.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsråd	16.10.2013	012/13

Endelig vedtak i: Ungdomsrådet	Arkivsaknr.: 13/1479	Saksansvarlig: Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/13924	I	17.09.2013	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Invitasjon til nettverkssamling 2013



NETTVERKSSAMLING

Ungdomspolitisk utval (UPU) ynskjer med dette å invitere deg til nettverkssamling på Skei Hotell 8. til 9. november 2013!

Me kan avsløre så mykje som at Rasmus Mo frå Sogndal fotball vil halde eit motivasjonsinnlegg for oss. Tidlegare UPU medlem, Øyvind Berge, vil gje nyttige tips når det gjeld tale- og debatt-teknikk. I tillegg vil fylkesvaraordførar Jenny Følling lære dykk om møteleing. For å praktisere og drille på det de lærer vil me diskutere framlegget om å lovpålegge ungdomsmedverknad. Framlegget kjem frå Kommunal- og regionaldepartementet og har høringsfrist 25.november. Dette er ei "opplæringshelg" der deltakarane kan lære mykje som kjem til nytte i vidare ungdomsrådsarbeid, og generelt i andre samanhengar også. For ikkje å gløyme, blir det så klart rom for mykje sosialt, og nettverksbygging på tvers av kommunegrensene.

Kvart ungdomsråd kan sende 3 deltakarar, og det brakar for fullt laus kl. 18.00 på fredag den 8.novemner. Påmeldingsfristen er sett til 17.oktober 2013.

Påmelding: (Namn, e-post-adresse, alder, ungdomsråd) sendes til Ungdomspolitisk Utval, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga, Postboks 173, 6801 Førde, eller til e-post: aud.jonstad.baardsen@sfj.no.

8. - 9. NOVEMBER

For opphald og mat må deltakarane betale 1200 kr per person på dobbeltrom. Skal deltakarane bu på enkeltrom må dei betale 500 kr i tillegg.

**SETT AV DATOANE,
DESSE DAGANE ER
DET VERDT Å FÅ
MED SEG!**



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsråd	25.09.2013	009/13
Ungdomsråd	16.10.2013	013/13

Endeleg vedtak i: Ungdomsrådet	Arkivsaknr.: 13/1389	Saksansvarleg: Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

Søknad om transportstøtte til Juleball 2013

Rådmannen si innstilling

Ungdomsrådet tildelar kr 4000,00 av LTU-midlar til transport frå Juleball 2013.

25.09.2013 Ungdomsråd

Møtehandsaming:

Ungdomsrådet i Vågsøy ønsker å bidra til at juleballet kan halde fram som ein årleg tradisjon i Samfunnshallen. Problemer med mykje alkohol og litt slåssing kan føre til at elevane ikkje får arrangerer juleball for framtida. Ungdomsrådet ønsker å ha ein dialog med komiteen for juleballet, og diskutere kva tiltak komiteen tenker for å unngå slike problem for framtida. Eit av premissa for tilskot til transport frå Ungdomsrådet i Vågsøy er at det skal vere til rusfrie arrangement, og erfaring seier at det er det dessverre ikkje.

Ungdomsrådet er villige til å auke tilskotet til kr 4500,00 dersom transporten går til Raudeberg.

Ungdomsrådet ber sekretær sjekke med politiet om det må søkast for å arrangere juleball.

Ungdomsrådet ønsker at juleballkomiteen syter for profesjonelle vakter.

Forslag frå leiar om å utsette vedtak til neste møte når dei har fått snakka med representantar frå juleballkomiteen.

Votering

Ingen votering.

UR-009/13

Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka opp att på møte, 16.10.2013.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lokale transportmidlar for ungdom tildelt av Sogn og Fjordane fylkeskommune og skal forvaltast av Ungdomsrådet i Vågsøy kommune (UiV)

Bakgrunn for saka

Klasse 2STA søker om LTU-midler for dekking av transportutgifter heim frå Juleball 2013.

Arrangementet er frå 10. klasse og oppover.

Søknaden inneheld ikkje nokon sum, men det vart til arrangementa i 2011 og 2012 ytt kr 3000,- frå LTU midlane. Det er naturleg med ein auke pga prisstigning.

Saksopplysningar / fakta

Vågsøy kommune ved Ungdomsrådet har fått tildelt midlar etter søknad om LTU frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Midlane skal nyttast til utgifter til heimtransport frå rusfrie arrangement for ungdom i kommunen.

Vurdering / konsekvensar

Fylkeskommunen sin informasjon om LTU er blant anna: «LTU er eit tilbod på ungdomens premisser, det er ungdomen sjølve som bestemmer kva tilbod dei ynskjer i sin kommune.»

Vågsøy kommune har lagt til i sine premisser at det skal vere eit tilbod til rusfrie arrangement. Det er derfor ønskelig at to representantar frå arrangementskomiteen deltek på neste møte i ungdomsrådet for å diskutere kva tiltak komiteen tenker for å unngå rus på årets juleball.

Vedlegg:

Dok.nr
122901

Tittel på vedlegg
Søknad transport juleball 2013.docx